



Villanger & Sønner AS

KNARVIK

5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykker:

Vår: 18/1072 - 19/4129

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

05.02.2019

Førerels svar med trøng for tilleggsdokumentasjon - gbnr 195/67 Leiknes

Tiltak: Bustad

Byggjestad: Gbnr: 195/67

Tiltakshavar: Alexander Bue Gjerstad

Ansvarleg søker: Villanger & Sønner AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykker søknad 19.12.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Revidert situasjonsplan som syner endringane.
2. Søknad om endring og dispensasjon er ikkje nabovarsla og det er bedt om fritak frå dette. Kommunen meiner at ein ikkje kan frita frå nabovarsling i denne saka då endringa krev at det må gjevast dispensasjon. Vi meiner at naboar har interesse av å være kjent med planlagde tiltak som er i strid med gjeldande planførere segner.
3. Søknad om dispensasjon er ikkje tilstrekkeleg grunngjeve. Det må sannsynleggjera at tiltaket ikkje vil være i konflikt med intensjonane som byggegrensa skal ivareta.

Vi gjer merksam på at reguleringsplanen for Fløsvika bustadfelt er ein nyleg vedteken plan. Kommunen er difor i utgangspunktet svært restriktiv med å gje dispensasjonar då dette kan gje uheldige presedensverknader for framtidig utbygging av planområdet.

Når det gjeld søknad om dispensasjon for byggegrense vil vi sende saka til uttale hjå vegmynde når vi har motteke revidert situasjonsplan som syner den endra situasjon.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.03.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkinger i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjever

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alexander Bue Gjerstad	Sjosidevegen 94	5914	ISDALSTØ
------------------------	-----------------	------	----------

Mottakarar:

Villanger & Sønner AS	KNARVIK	5914	ISDALSTØ
Villanger & Sønner AS	Knarvik	5914	ISDALSTØ